

Stiftinga Fjell festning - Uttale til søknad om omdanning

Øygarden kommune gir følgende uttale til vedtaket Stiftinga Fjell festning har gjort om å søka oppløysing av stiftinga:

Øygarden kommune, som ein av to opprettarar av Stiftinga Fjell festning, sluttar seg til følgende vedtak gjort av stiftingsstyret i deira sak nr. 7/24 - "Omdanning av Stiftinga Fjell festning (SFF)":

- "1. Styret kan av økonomiske grunnar, og som følgje av manglande museal avtale ikkje lenger oppretthalde formålet med Stiftinga Fjell Festning. Styret vedtek å søke Stiftelsestilsynet og opprettarane av stiftinga om å oppheva stiftinga. Jfr Lov om stiftingar §52. Grunnlaget for søknaden er utdjupa i saksframstillinga.
2. Fjell festning er avstengt for publikum og drifta av anlegget er lagt ned. Disponible midlar skal nyttast til å betale avgifter, forsikringar, alarmsystem og straumabonnementet for dei neste månadene.
3. Styret vil i løpet av våren 2024 være insolvent og i vil den samanheng be om konkurshandsaming. Det vert å koma attende til i eiga sak.
4. Opprettarane vert bede om å oppnemnde representantar til avviklingsstyre. Representantar til avviklingsstyret må være uavhengig frå opprettarane og som kan gjennomføre nødvendig avvikling.
5. Saka vert oversendt opprettarane til uttale med frist for attendemelding innan 15. mars 2024."

Stiftinga Fjell festning har sagt opp samarbeidsavtalen med Museum Vest med verknad frå 1. januar 2024, og Museum Vest er ikkje villig til å inngå ny avtale med stiftinga. Øygarden kommune, som sentral økonomisk bidragsytar, er ikkje villig til å yta vidare tilskot til drifta ved Fjell festning slik saka står no.

Øygarden kommune har vurdert vedtaket til stiftinga i høve til Stiftelsesloven §46, første ledd, som tilseier at omdanning kan skje når visse kriterier gjer seg gjeldande:

- Kapitalen til stiftinga er ikkje tilstrekkeleg til å oppfylla formålet på ein rimeleg måte. I saksopplysingane som Stiftinga Fjell festning har sendt kommunen framgår det at det økonomiske grunnlaget for vidare drift ikkje er til stades: "Stiftelsen har pr. i dag 187.524 kroner i disponible midlar. Stiftelsen har ingen oppspart kapital, - og har heller ikkje kapital i fast eigedom. Midlane skal nyttast til å betale uteståande faktura, avgifter, forsikringar, vaktsselskap, nytt låsesystem og straumabonnementet for dei neste månadene. Fjell festning er eit freda anlegg og kan ikkje omsetjast eller overdragast til anna formål utan omdanning."
- I og med at det ikkje eksisterer ein avtale med ein profesjonell museumsaktør, meiner kommunen også at ein av føresetnadene for opprettinga av stiftinga har svikta. I vedtektene frå 2007 heiter det m.a. "Styret har ansvar for eit konstruktivt samarbeid med det konsoliderte museet som skal stå for drifta av anlegget dvs. formidling, forskning, reinhald, lys og varme samt arbeidsgjevvarfunksjonen."
- Stiftinga har gjennom mange års drift ikkje greidd å løysa alvorlege samarbeidsproblem. Dette, saman med at stiftinga er utan økonomisk grunnlag og utan avtale med profesjonell museumsaktør, tilseier at ei vidareføring av stiftinga vil vera openbert uheldig og ufornuftig.

Kommunen meiner på bakgrunn av dette at ei oppløysing av stiftinga no er naudsynt for å kunna varetta formålet stiftinga har hatt. Det siste året er det gjort fleire freistnader på å bli samde om alternative løysingar for vidare organisering og drift. Kommunen ser ikkje at formålet til stiftinga kan oppfyllast med noverande stifting og at det ikkje finst gode alternativ til oppløysing.

Det er svært viktig at det freda kulturminnet Fjell festning blir varetatt og formidla i framtida. Kommunedirektøren viser til vedtak i sak behandla av formannskapet 19. april 2023 (vedlagt), der det er opna for kommunalt eigarskap dersom det blir aktuelt. Øygarden kommune ønsker vidare at ein profesjonell museumsaktør, som Museum Vest, skal ha ansvaret for museumsdrifta på Fjell festning i framtida.